



**DEN NORSKE KYRKJA**  
i Vindafjord

## **50% ledig stilling som kateket/kyrkjelydspedagog i Vindafjord**

***Vindafjord kyrkjelege fellesråd har ledig 50% vikariat som kateket/kyrkjelydspedagog fram til 31.12.26, med moglegheit for forlenging.***

***Barne- og ungdomsarbeidarar kan og søkje!***

Vikariatet er primært plassert i Ølen og Bjoa sokn, med kontor plass på Rådhuset i Ølen. Men det vil og vera ein del samarbeid med dei andre sokna i fellesrådsområdet.

Vindafjord kommune ligg i Rogaland og har om lag 9000 innbyggjarar. Her er det 8 kyrkjer og 7 sokn. Ølen og Bjoa sokn ligg midt i Vindafjord kommune. Det er ni bygder i kommunen, kvar med sitt særpreg. Her det godt å både bygga og bu, og det er kort veg til arbeidsmarknaden på heile Haugalandet. Å veksa opp i Vindafjord betyr at du har barnehage og skule nær der du bur. Kommunen har eit godt helse- og velferdstilbod, mange ulike fritids- og kulturtilbod, og ikkje minst ein fantastisk natur.

### **Ansvarsområder og oppgåver:**

Leie arbeidet innan kyrkjeleg undervisning/trusopplæring i samsvar med lokale planar

Planlegge og gjennomføre aktivitetar innan kyrkjeleg undervisning og læring

Samarbeid med skular, barnehagar og evt andre instansar i kommunen

Delta på gudstenester i samband med aktivitetar

Undervisning for ulike aldersgrupper, samtale og forkynning

Bygge fellesskap og lage gode arenaer for barn og unge i kyrkja

Bidra til dialog mellom kyrkja og nærmiljøet

Oppfølging av frivillige medarbeidarar

### **Kvalifikasjonar:**

Me søkjer etter kateket eller kyrkjelydspedagog

Andre søkjarar med relevant utdanning og erfaring vil bli vurdert

Erfaring frå liknande type stilling er ønskeleg

Personlege eigenskapar vil bli vektlagt

Du må ha førarkort klasse B og disponera bil  
Må beherska norsk både skriftleg og munnleg

**Personlege eigenskapar:**

Gode pedagogiske og administrative evner  
Likar å jobbe med barn og unge  
Gode kommunikasjons- og gjennomføringsevner  
Kan jobbe strukturert, både sjølvstendig og i team  
Er omgjengeleg og fleksibel og lett å samarbeide med  
Identifiserer seg med kyrkja si vedkjenning, og formidlar bibelforteljingar og tru med glede og engasjement

**Særskilte krav:**

Det er krav om medlemskap i Den Norske Kirke  
Tilfredsstillande politiattest må leggjast fram ved tilsetting, jf. Trossamfunnsloven §20

**Me tilbyr:**

Varierte oppgåver i godt arbeidsmiljø! Her er det fint å jobbe!  
Lønn etter avtaleverket for kyrkjeleg sektor  
Gode forsikrings- og pensjonsordningar, medlemskap i KLP  
Ein må rekna med arbeid på kveld og helg.

**Søknadfrist 15.05.26**

**Vil du vite meir?**

Ta kontakt med Kyrkjevevja, Grethe Halvorsen, tlf 91629595.

Aktuelle kandidatar vil bli invitert til samtale/intervju.

Søknad med CV sendes til kyrkjevevja på e-post: [gh772@kyrkja.no](mailto:gh772@kyrkja.no)

